

**TA PÅ DEG FINKLEDDA OG KOM!**

Det er appellen frå dei i ungdomslaget som driv diskoteket og den gjeld årets siste diskotek fredag. Då er det juleball-diskotek i Helgheim og DJ Vikør er også denne gongen ein krumtapp i programmet.

Som vanleg møtar 1.-4. klasse klokka 17 og dansar til klokka 18.30 medan 5.-7. klasse møtar klokka 19 og dansar til 20.30.

Det kostar berre 50 kroner og det er sal av pølse, pizza, brus, popcorn og smågodt.

Biletet over er teke tidlegare år og bør inspirera nokon kvar - både foreldra og dei som skal på juleball.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen